



Kinn kommune
postboks 294
6701 MÅLØY

Saksbehandlar, innvalstelefon

Arnt Erik Nordheim, 5764 3191

Kinn kommune. Lovlegkontroll, kommunestyret sitt vedtak i sak 17/26 – Reguleringsplan for Måsholmen og Håskjæra

Vi viser til oversending frå Kinn kommune 06.03.2026.

Avgjerd

Med heimel i kommunelova § 27-3 opphevar Statsforvaltaren i Vestland vedtaket frå Kinn kommunestyre i sak 17/26 den 29.01.2026.

Bakgrunn for saka

Kinn kommunestyre gjorde den 29.01.2026 vedtak i sak 17/26; *Gjentatt slutthandsaming av detaljregulering for Måsholmen – Håskjæra, gbnr. 28/3, næring og hamn. PlanID 20220102.* For nærare omtale av reguleringsplanen og planprosessen viser vi til saksdokumenta, jf. særleg planomtalen datert 05.02.2024 med oppsummering av konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse.

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak, med 21 mot 18 røyster, etter fellesframlegg frå SV, V, Raudt, Ap og Aud Norunn Vig (KrF):

«... **KOST- 01/26 Vedtak:**

Kinn kommune tek rapport frå Asplan Viak til vitande og ynskjer å legge tilrette for at Flateneset vert sett av til å utvikle industrien i Gunhildvågen. Arealet er betydeleg større og vil vere langt rimelegare å utvikle enn Måsholmen. Naturinngrepa vil også vere betydeleg mindre.

- 1. Kinn kommune vedtek ikkje detaljreguleringsplan for Måsholmen-Håskjæra gnnr. 28/2.*
- 2. Rapport frå Asplan Viak viser til at det er alternative areal på Flateneset som er langt større enn Måsholmen og som vil gje bedriftene i Gunhildvågen nok areal til å utvikle sin aktivitet. Kinn kommune vedtek å starte arbeidet med å frigjere areal på Flateneset til næring.*
- 3. Containerhamn for Florø skal framleis vere kai G på Botnastranda.*

...»



Kommunestyrerepresentantane Frank Willy Djuvik, Kjell-Bjørn Refvik og Lillian Brattholmen (alle FrP) fremja krav om lovlegkontroll av vedtaket 16.02.2026. Kravsstillarane gjer gjeldande at det ligg føre sakshandsamingsfeil, idet representanten Aud Norunn Vig (KrF) var medframleggsstillar for framlegget som fekk fleirtal. Vig tok også aktivt del i debatten og avrøystinga.

Kravsstillarane gjer gjeldande at Vig var ugild i saka, jf. kommunelova § 11-10, jf. forvaltningslova § 6 og § 8. Protokollen viser at habilitet vart vurdert for fleire andre representantar, men ikkje for Vig. Det er kjent at Vig den same dagen hadde «...varsla mogleg søksmål mot kommunen basert på utfallet av saka...» (sic.).¹ Kravsstillarane hevdar vidare at «fleire representantar» bestemte seg for kva dei skulle røyste i løpet av møtet og basert på debatten. Kravsstillarane meiner det er openbert at Vig sine bidrag under slutthandsaminga påverka andre representantar. Statsforvaltaren viser til kravet.

Kinn kommunestyre handsama kravet i møte 05.03.2026, sak 33/26. I tillegg til opplysningane frå kravsstillarane opplyser kommunen at Vig er gjenbuar til planområdet for reguleringsplanframlegget som var forkasta. Bror hennar eig også store eigedomar på øyane kring Måsholmen.² Kommunen legg vekt på at planområdet var stort, og at det var mange (133) lokale mottakarar som fekk varsel om planarbeidet. Vidare legg kommunen vekt på at korkje Vig, far hennar eller bror hennar sende merknader til kommunen som del av den ordinære planhandsaminga, jf. plan- og bygningslova § 12-8 og § 12-10. Støyvurderinga frå Multiconsult AS viser også at korkje Vig eller andre bebuarar på Færøya ville ha blitt råka negativt av støy frå utbygging av Måsholmen.

Når det gjeld e-posten om søksmål som Vig sende til Kinn kommune og Florø Hamn KF den 29.01.2026, viser kommunestyret til at folkevalde har eit stort rom for å sette fram lokalpolitiske ytringar. Kommunen meiner at synspunkta i e-posten 29.01.2026 er lokalpolitiske ytringar, og at Vig målbar synspunkt og moment som allereie var gjengs for mange innbyggjarar og merknadsstillarar i saka. Kommunestyret meiner likevel at Vig burde ha bede om at habiliteten hennar vart vurdert i møtet, jf. kommunelova § 11-10 og forvaltningslova § 8 tredje ledd.

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak i sak 33/26, med 21 mot 18 røyster:

«... **KOST- 033/26 Vedtak:**

Kommunestyret har fatta lovleg vedtak i sak 26/017 «Reguleringsplan for Måsholmen og Håskjæra»,

- 1. Kommunestyret har avvist eit planframlegg. Saka er fremja med lovleg innhald, jfr. kml. 27-3 a;*
- 2. Kommunestyret har fatta vedtak der mynde er lagt til organet, jfr. pbl § 12-12, 1 ledd, koml 27.3, b*
- 3. Kommunestyret sitt vedtak er komme til på rett måte då representanten Aud Norunn Vig var habil til å delta i handsaminga av planframlegget, jfr fvl. [§] 6, kml 27-3 c.*
- 4. Saka vert sendt til Statsforvaltar, jfr. Kml §27-1*

...»

Statsforvaltaren viser til protokollen frå møtet og til oversendinga frå kommunen.

Regelverk

Lovlegkontroll med kommunale vedtak er regulert i kommunelova kapittel 27.

Etter kommunelova § 27-1 kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman bringe kommunale avgjerder inn for departementet til kontroll av om avgjerda er lovleg. Kravet må vere sett fram innan tre veker frå avgjerda vart teken.

¹ [Avisartikkel, Firdaposten, Politikk.](#)

² Gbnr. 29/1, 27/10 og 28/4 mfl.



For kommunale vedtak er statsforvaltarane delegert avgjerdsmyndighet, jf. FOR-2019-08-30-1096 kap. IX frå Kommunal- og distriktsdepartementet. Nærare retningslinjer for lovlegkontroll er gitt i rundskriv H-2299 av 21.10.2013.

Dersom eit kommunalt vedtak vert teke opp til kontroll skal Statsforvaltaren etter § 27-3 bokstav a til c ta stilling til om:

- innhaldet i vedtaket er lovleg
- vedtaket er gjort av nokon som har myndighet til å ta slik avgjerd
- vedtaket har kome til på lovleg måte

Lovlegkontrollen kan likevel avgrensast til synsmåtene i kravet, jf. kommunelova § 27-3 andre ledd. Statsforvaltaren skal oppheve vedtaket dersom det er gjort feil som gjer vedtaket ugyldig.

Statsforvaltaren si vurdering

Vi fastslår først at kravet er sett fram av nokon som har rett til å krevje lovlegkontroll, og at kravet er sett fram innanfor fristen på tre veker. Vedtaket i sak 17/26 er også ei endeleg avgjerd som kan takast opp til kontroll, jf. kommunelova § 27-2 første ledd.

Dei formelle vilkåra for å kunne krevje lovlegkontroll er dermed oppfylte. Vi går derfor vidare til å vurdere innhaldet, framgangsmåten og mandatet til vedtaksorganet, jf. kommunelova § 27-3 første ledd bokstav a til c. Vi avgrensar samstundes prøvinga til dei synsmåtene som er sette fram i kravet, jf. § 27-3 andre ledd. Det er mellom anna ikkje omtvistat at kommunestyret var rett vedtaksorgan, eller at kommunestyret hadde lovheimel til å gjere eit slikt vedtak.³ Vi legg derfor dette til grunn.

Vidare oppfattar vi ikkje at kravstillarane ber om særskilt kontroll av avgjerdene om habilitet i møtet, jf. kommunelova § 27-2 bokstav c. Slik vi les kravet, meiner kravstillarane i staden at vedtaket i sak 17/26 er ugyldig, nettopp fordi habiliteten til representanten Aud Norunn Vig (Krf) *ikkje* vart handsama eller røysta over. Vi avgrensar derfor lovlegkontrollen til framgangsmåten i kommunestyremøtet 29.01.2026, og eventuelle konsekvensar av at habiliteten til Vig ikkje vart vurdert i sak 17/26, jf. koml. § 27-3 bokstav c.

Om avgjerda har kome til på rett måte

Reglane og vilkåra for inhabilitet hjå folkevalde går fram av kommunelova § 11-10. Føresegna slår fast at reglane i forvaltningslova kapittel II gjeld tilsvarande for folkevalde representantar, med tillegg av dei særreglane som følgjer av kommunelova sjølv.

Korkje kommunelova eller forvaltningslova har særlege reglar om saksførebuinga av eit habilitetsspørsmål. Avgjerder om habilitet er prosessleiande og ikkje ei eiga «sak». Etter forvaltningslova § 8 siste ledd skal eit medlem rett nok melde frå i god tid om forhold som kan gjere vedkommande inhabil. Kinn kommune har nedfelt ein liknande regel i sitt møtereglement for politiske organ, jf. punkt 8 bokstav c.⁴ Regelen har, til liks med det som følgjer av forvaltningslova, først og fremst praktiske omsyn, idet ein sikrar innkalling av vara i dei tilfella ein medlem tvillaust vil verte kjent inhabil. Samstundes er det på det reine at tidleg innmelding også sikrar at spørsmålet kan verte berte utgreidd, jf. forvaltningslova § 17 og kommunelova § 13-1 andre avsnitt.

³ Jf. kommunelova § 5-3, og plan- og bygningslova § 12-12, jf. § 3-3.

⁴ [Møtereglement - Kinn kommune](#), jf. koml. § 11-12.



I rettleiaren «*Saksbehandling i folkevalgte organer i kommuner og fylkeskommuner*»⁵ framhevar Kommunal- og distriktsdepartementet at folkevalde har plikt til å vurdere sin eigen habilitet og til å melde frå i god tid (s. 59). Plikta omfattar både forhold som gjer og «*kan gjøre*» vedkommande inhabil, jf. forvaltningslova § 8 siste ledd. Det må likevel avgrensast mot dei openberre tilfella, og ikkje kvar form for tvil eller påstand om inhabilitet. Statsforvaltaren legg til grunn at det må vere ein reell mogelegheit for at representanten kan verte kjent inhabil. Manglande oppfyljing av plikta til å melde har ingen direkte konsekvensar, utover at det kan verte vanskelegare å ta stilling til spørsmålet når det vert reist, og å kalle inn vara i tide.

Tvilstilfelle bør likevel meldast inn, og det er på det reine at dette ikkje vart gjort for representanten Vig sin del. Statsforvaltaren kjem til at dette var ein feil. Konsekvensen av feilen vart at spørsmålet ikkje vart drøfta eller avgjort i møtet, og at representanten Vig deltok i debatten og avrøystinga på vanleg måte, jf. kommunelova § 8-1, utan at habiliteten hennar var avklara. For å avgjere kva verknad feilen kan ha hatt for vedtaket i sak 17/26, må Statsforvaltaren derfor først ta stilling til om Vig var inhabil.

Ein folkevald kan for det første vere inhabil dersom vedkommande sjølv er part, eller har eit nært tilknytingsforhold til ein eller fleire partar, jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav a til e. I desse tilfella er representanten alltid inhabil. Vi ser ikkje at dette er aktuelt her. Både Vig og dei ho har eit nært slektskapsforhold til, er av kommunen kategorisert som gjenbuarar til den forkasta reguleringsplanen. Ut frå plangrensene meiner Statsforvaltaren at denne kategoriseringa er rett.

I motsetning til grunneigarar *innanfor* planområdet, vert naboar og gjenbuarar vanlegvis ikkje rekna som partar i ei sak om utarbeiding av ny reguleringsplan. Dette gjeld sjølv om naboar og gjenbuarar normalt har klagerett og rettsleg klageinteresse, og sjølv om dei «*så vidt mulig*» også har krav på varsel om oppstart, offentlig ettersyn og melding om vedtak, på lik linje med grunneigarar innanfor planområdet.⁶ Naboar eller gjenbuarar får heller ikkje formell partsstatus sjølv om eigedomane deira ligg innanfor det området som kan verte påverka av reguleringsplanarbeidet i større eller mindre grad (det såkalla influensområdet). For ordens skuld tek vi med at det kan tenkast unntak, særleg dersom eit reguleringsplanarbeid også gir direkte rettsverknader for eigedomar utanfor planområdet. Vi ser ikkje at dette gjeld for Vig eller nokon ho har nær tilknytning til, som dermed ikkje vert å sjå på som partar i reguleringsplansaka. Vig var derfor heller ikkje ugild etter reglane i forvaltningslova § 6 første ledd.

Habiliteten for Vig må derfor i staden vurderast etter den generelle regelen i forvaltningslova § 6 andre ledd. Føresegna slår fast at ein representant vert inhabil

«...når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til...».

Føresegna i forvaltningslova § 6 andre ledd opnar dermed for ei brei, skjønsmessig vurdering av habilitet, der ein kan legge vekt på fleire omsyn. Nærare rettleiing til føresegna er mellom anna gitt i rettleiaren for sakshandsaming i folkevalde organ (note 5), kapittel 6.

⁵ [Veileder om saksbehandling i folkevalgte organer i kommuner og fylkeskommuner - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

⁶ Jf. plan- og bygninglova § 12-8, § 12-10 og § 12-12.



Formuleringa «*egnet til*» indikerer at det er sentralt korleis forholdet kan bli oppfatta av utanforståande, ikkje om Vig reint faktisk har handla partisk eller i privat eigeninteresse. Vidare er det sentralt om avgjerda vil føre til særlege tap, fordelar eller ulemper for den folkevalde sjølv, eller for nokon som vedkommande har nær personleg tilknytning til. Hovudvilkåret er likevel at forholdet er særlege, det vil seie spesielt for den eller dei det gjeld, og at det er eigna til å svekkje tilliten til ei upartisk avgjerd.

For at eit forhold skal vere særlege, er det ikkje tilstrekkeleg at Vig sjølv, far hennar eller bror hennar er gjenbuarar til planområdet. Forvaltningslova § 6 avgrensar som nemnt denne typen inhabilitet til klare partsforhold, og denne avgrensinga er meint å ha verknad. På same måte stiller det seg motsett dersom gjenbuarane eller den folkevalde opptrer som aktive klagarar i ei reguleringsplansak, eller viser eit sterkt engasjement for bestemte løysingar ut frå private motiv. Dette gjeld særleg dersom det står om val av alternativ, og det eine alternativet til dømes gir utsikter til økonomisk vinst eller andre personlege fordelar for den folkevalde eller andre nær henne. For Vig sjølv må det samstundes skiljast mellom politiske standpunkt og meir private fordelar og ulemper.

Det eksisterer ikkje noko generelt unntak for store arealplanar eller andre overordna sakstypar,⁷ utover at terskelen for kva som kan reknast som særlege forhold, klart nok vil vere noko høgare i slike tilfelle. Forenkla sagt blir spørsmålet om standpunkta eller engasjementet er uttrykk for politiske eller generelle innbyggjarinteresser, og dei verva og samanslutningane som naturleg følgjer av det, eller om det er tale om sterke og spesielle særinteresser for den eller dei det gjeld.

Kommunen er også inne på dette i si vurdering av kravet (utdrag, sic.):

«... *Spørsmålet er om [e-posten 29.01.2026] er ei ytring av politisk art, eller ei problemstilling [Vig] tek opp for seg sjølv eller sin familie. Rom for ytringar skal vere stort for lokalpolitikarar. Det er ikkje stilt krav til korleis slike synspunkt vert fremja. Synspunkt kan uttrykkast i avisinnlegg, e-postar, meiningar på sosiale medium eller som innlegg i folkevalde organer.*

Folkevalde har dessutan lågare^[8] grense for inhabilitet enn for administrasjon, nettopp fordi demokratiet føreset at folkevalde har meiningar. Derfor er det viktig å skilje mellom det som er et politisk standpunkt, og om det kan liggja før ei personleg særinteresse.

...»

Statsforvaltaren er einig i at dette er det rette rettslege utgangspunktet. Etter vår oppfatning må det derimot også leggjast betydeleg vekt på karakteren av ytringa og måten ho er sett fram på.

E-posten frå Aud Norunn Vig datert 29.01.2026 vart stila til Kinn kommune og Florø Hamn KF v/ordinært postmottak. E-posten har emne-tittelen «*Varsel om evt framtidig søksmål grunna støy*». Innhaldet i e-posten er relativt kortfatta og har følgjande ordlyd:

«... *Denne mailen vert sendt for å indikere at det vil komme ei oppfølging og mulig rettslege prosessar ang. støy ved ei evt utbygging i Gunhildvågen. [D]ette uavhengig av kva for utbyggingsalternativ som vert vurdert og eventuelt igangsett.*

Denne prosessen er viktig vert offentleg tilgjengeleg sidan ønskjene for utbygging er av ein slik art at det vil berøre mange busette i vestre del av byen og på øyene i Florabassenget, og dermed er av offentleg interesse.

⁷ Sjå likevel koml. § 11-10 andre ledd andre setning, om unntak for inhabilitet pga. tidlegare saksførebuing.

⁸ Skal truleg vere *høgare*.



...»

Varsel om søksmål etter tvistelova er ikkje ei kommunikasjons- eller ytringsform som er vanleg å nytte for å fremje lokalpolitiske standpunkt. Delar av e-posten kan likevel lesast som at Vig ikkje sjølv varslar om søksmål, men 'åtvarar' mottakarane om kva som kan skje. Slik sett kan e-posten dermed også lesast som uttrykk for eit meir allment engasjement for saka.

Sjølv om det ikkje går uttrykkeleg fram, finn vi det likevel mest naturleg å oppfatte korrespondansen som eit konkret varsel om rettslege skritt, jf. tvistelova § 5-2. Statsforvaltaren kjenner heller ikkje til at representanten har avvist dette i ettertid. Dersom hovudformålet var å bringe meir offentleg merksemd og debatt kring moglege støytfordringar ved planframlegget, ville det etter vårt syn ha vore meir naturleg å velje ei anna form enn varsel om rettslege skritt. Synspunktet er ikkje fremja i opne media eller i nokon av dei kommunikasjonskanalane som kommunen listar opp som døme på vanlege demokratiske verkemiddel, men stila til kommunen og Florø Hamn KF som potensielle motpartar i ein rettsleg tvist. Varselet vart også sett fram same dagen som saka skulle handsamast i kommunestyret, altså svært kort tid før saka skulle avgjerast. Dette svekkjer inntrykket av at e-posten var meint som eit politisk utspel til den meir allmenne debatten kring saka.

Som vi har vore inne på, er det avgjerande moment korleis desse forholda totalt sett framstod for omverda, medrekna planframleggsstillaren og andre partar eller interessentar i reguleringsplansaka, ikkje kva intensjonar Vig sjølv hadde med utspelet. Etter ei samla vurdering der vi også legg vekt på dette, kjem vi dermed til at representanten Vig var ugild til å ta del i sakshandsaminga, jf. kommunelova § 11-10, jf. fvl. § 6 andre ledd. Representanten skulle derfor ha forlate møtet under saka, jf. forvaltningslova § 8.

Avgjerda i sak 17/26 kom ikkje til på rett måte.

Oppsummering. Verknaden av feil

Statsforvaltaren har konkludert med at kommunestyrerepresentanten Aud Norunn Vig (KrF) var inhabil til å delta i handsaminga av sak 17/26, jf. kommunelova § 11-10, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd. Det er ein feil at representanten ikkje forlét møtet under handsaminga i kommunestyret den 29.01.2026. Vidare er det ein feil at spørsmålet om habilitet ikkje vart vurdert i det folkevalde organet, jf. forvaltningslova § 8 tredje ledd.

Det at ein ugild representant deltok i debatten og avrøystinga, er ein handsamingsfeil som kan føre til at vedtaket vert ugyldig. Detaljreguleringsplanen må i så fall takast opp til ny handsaming i kommunestyret. Her legg vi vekt på at Vig ifølgje kravsstillarane var aktiv i debatten. Protokollen frå møtet syner at Vig var medframleggsstillar til framlegget som fekk fleirtal, med 21 mot 18 røyster.

Statsforvalteren meiner det er ein reell moglegheit for at engasjementet til Vig også kan ha påverka standpunktet til andre representantar, og dermed også det endelege resultatet ved avrøystinga. Det var ikkje eit klart fleirtal i saka. Vedtaket i sak 17/26 kan derfor ikkje oppretthaldast trass i feilen, jf. prinsippet i forvaltningslova § 41.

Vi har oppheva vedtaket i sak 17/26. Statsforvaltaren har med dette ikkje meint å leggje føringar for den vidare handsaminga i Kinn kommune. Denne avgjerda ligg til kommunen sjølv som planstyresmakt, jf. plan- og bygningslova § 3-3 mfl.



Statsforvaltaren har med dette avslutta lovlegkontrollen.

Vi ber Kinn kommune om å underrette kravstillarane om resultatet av kontrollen.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. statsforvaltar

Marie Solvoll Lyby
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent